





Ella sin familie

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

Kven er med i denne familien? Kva gjer dei på bildet? Kva har dei på seg? Kvar er dei?

Eller les ei lita fortelling om Ella:



Ella er fire år og har mange søsken. Ei veslesøster, to storebrør og to storesøstrer.

Ella bur saman med mamma og pappa som har to barn saman, Ella og veslesøster Ida.

I tillegg bur Mads og Sofie (dei med brunt hår) saman med dei heile tida. Dei har ein annan pappa enn Ella, men han lev ikkje lenger. Han døde for seks år sidan, så no er Ella sin pappa blitt pappaen deira også.

Ella sin pappa har også vore gift før. Marcus og Mathea (dei med raudt hår) har ei anna mamma enn Ella, og dei bur hos mammaen sin mesteparten av tida, for ho bur i en annan by og dei går på skule der. Men annankvar helg, og halvparten av alle feriane kjem Marcus og Mathea og bur saman med pappaen sin, Ella og familien.

Ella er veldig glad i familien sin, men det blir av og til veldig mye bråk når alle er der samtidig. Huset dei bur i er ikkje stort nok til at alle får kvar sitt rom, så Marcus bur saman med Mads og Mathea bur saman med Sofie når dei er heime. Då blir det ofte ein del krangling og det likar ikkje Ella.

Når storesøskena kranglar blir mamma og pappa strenge i fjesa sine, og ser på kvarandre med litt sinte blikk. Ella vil helst at alle skal være vennar og vere glade heile tida, men sånn er det ikkje alltid i familiar. Heldigvis kan familiar vere glade i kvarandre sjølv om dei bråkar og kranglar.

Og ofte er alt fint også. Som når alle et taco saman på fredagskvelden. Då brukar alle å vere i godt humør og Ella får vere oppe litt lengre enn vanleg. Då kosar Ella seg og er glad.

Snakk saman:

Bruk dette som utgangspunkt for å snakke litt om kor ulike familiar kan vere og kva som kan være fint eller dumt i familiar. Få fram at det viktigaste i alle familiar er at dei vaksne passer på og er glade i barna, og at ein prøver å ha det fint saman i kvardagen.

Ingen har det alltid berre bra. Det er heilt normalt å bli sinte på kvarandre, krangle litt, eller seie ting ein angrar på, men det er viktig å prøve å gjere det godt igjen etterpå. Alle treng å føle seg trygge heime og vere sikre på at dei andre i familien er glade i seg.